



ULSTEIN KOMMUNE



ULSTEIN - der baug bryt bære

FORELDREHANDBOK FOR HASUND SKULE



Foto: Janne-Marit Myklebust

SKULEÅRET 2022-2023



Kjære føresette!

Velkomne til nytt skuleår ved Hasund skule. Hasund skule skal vere ein god stad å vere og ein god stad å lære.

Alle tilsette ved Hasund skule har som mål å gjere skulekvardagen til alle elevar til gode dagar. Vi vil gjere vårt beste for å skape ei god og trygg ramme for å sikre ei god opplæring og ein god skule å vere i.

Alle elevar har rett på eit trygt og godt skule – og læringsmiljø. Det betyr at ingen elevar skal verte krenka, mobba, trakassert eller utsett for diskriminering eller vald på skulen eller på skulevegen. Skulen tek dette arbeidet med største alvor, og vil arbeide systematisk og kontinuerleg for å sikre alle eit godt læringsmiljø. Om ein også i heimane snakkar godt om skule, medelevar og tilsette til sine born, er det med på å skape eit skulemiljø som tek vare på den einskilde.

Vi vonar at de finn informasjonen i handboka interessant og nyttig.

Lykke til med skuleåret!

Venleg helsing

Marianne Ulstein Johnston

Rektor

Ole Inge Molvær

Assisterande rektor





Innholdsliste

KONTAKTINFORMASJON HASUND SKULE	4
SKULERUTE 2022-2023	5
PERSONALET VED HASUND SKULE 2022-2023	6
KLASSER OG KONTAKTLÆRARAR 2022-2023	8
SKULEN SINE ORDENSREGLAR	9
SKULEN SITT OMRÅDE	11
SKULEN SINE OPNINGSTIDER	12
ELEVEN SIN RETT TIL EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ	12
FRÅVÆR OG FRITAK FRÅ UNDERVISNING	14
EDLEVO	15
GODT HEIM-SKULE SAMARBEID	16
TRYGG SKULEVEG	17
Kva treng ein av utstyr på skulen?	17
SKULEMJØLK	18
SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO)	18
LEKSEHJELP	22
FORSIKRING AV ELEVANE	22
LEIRSKULEOPPHALD DOMBÅS FJELLSKOLE	22
MEDISINERING AV ELEVAR	23



KONTAKTINFORMASJON HASUND SKULE

Adresse: Hasund skule, Sundgotvegen 133, 6065 Ulsteinvik

Telefon sentralbord: 70 00 90 20

- Marianne Ulstein Johnston– Rektor 70 00 90 22/954 13 107
marianne.ulstein@ulstein.kommune.no
- Ole Inge Molvær– Assisterande rektor/SFO-leiar 70 00 90 23/907 27 278
ole.inge.molvaer@ulstein.kommune.no
- Greta Aurvåg– Skulesekretær 70 00 90 20
greta.aurvag@ulstein.kommune.no
- Vivian Bergseth Ramstad – SFO-koordinator 489 92 257 (SFO)
vivian.bergseth.ramstad@ulstein.kommune.no
- Birgitte Blomstervik – Helsesjukepleiar
birgitte.blomstervik@ulstein.kommune.no



SKULERUTE 2022-2023

**FORSKRIFT
TIL
SKULERUTE FOR GRUNNSKULEN I ULSTEIN 2022/2023**

1. ELEVDAGAR:

Måndag	22.08.22	Skulestart for elevane
Fredag	07.10.22	Siste skuledag for haustferien
Måndag	17.10.22	Første skuledag etter haustferien
Onsdag	21.12.22	Siste skuledag for jul
Tysdag	03.01.23	Skulestart for elevane etter jul
Fredag	17.02.23	Siste skuledag for vinterferien
Måndag	27.02.23	Første skuledag etter vinterferien
Fredag	31.03.23	Siste skuledag for påske
Tysdag	11.04.23	Første skuledag etter påske
Fredag	19.05.23	Elevfri dag
Torsdag	22.06.23	Siste skuledag

Samandrag:

August	8 dagar	Januar	21 dagar		
September	22 dagar	Februar	15 dagar		
Oktober	16 dagar	Mars	23 dagar		
November	22 dagar	April	14 dagar		
Desember	15 dagar	Mai	18 dagar		
		Juni	16 dagar		
Elevdagar	83 dagar	+	107 dagar	=	190 dagar



PERSONALET VED HASUND SKULE 2022-2023

NAMN	FUNKSJON
Johnston, Marianne Ulstein	Rektor
Molvær, Ole Inge	Ass.rektor
Aurvåg, Greta	Sekretær/Fagarbeidar
Sivertstøl, Arne	Lærer
Lillerovde, Natalie	Lærer
Hovden, Janette	Lærer
Aschehoug, Arve	Lærer
Eide, Sebastian	Lærer
Lillerovde, Tonje Nygård	Lærer
Holstad, Silje	Lærer
Haddal, Tone	Lærer
Helvig, Lovise Kleven	Lærer
Vik, Heidi Elisabeth	Lærer
Hoddevik, Silje Kristin	Lærer
Molvær, Merete Våge	Lærer
Lillerovde, Gunnhild Ulstein	Lærer
Pilskog, Bente Anita Sæter	Lærer



Worren, Henning	Lærer
Ulstein, Tove	Lærer
Dragnes, Henny	Lærer
Haugset, Ellen M	Lærer
Ramstad, Vivian Bergseth	Fagarbeidar
Jenniskens, Chantal	Fagarbeidar
Skeide, Linn Renate	Fagarbeidar
Øvrelid, Bjørn Tore	Assistent
Onsøien, Kari Marie	Fagarbeidar
Botnen, Mary	Assistent
Thorheim, Line	Assistent
Krogseth, Sindre	Assistent
Garnes, Maria Kvalen	Assistent
Sundgot, Solrunn	Assistent
Kleven, Irina	Assistent
Pacak, Agata	Assistent



KLASSER OG KONTAKTLÆRERAR 2022-2023

1.Klasse	Bente Anita Sæter-Pilskog
2.Klasse	Heidi Elisabeth Vik
3.Klasse	Tonje Nygård Lillerovde
4.Klasse	Janette Hovden
5.Klasse	Tove Ulstein
6.Klasse	Sebastian Eide
7A	Silje Holstad Flø



SKULEN SINE ORDENSREGLAR

Mål: Alle skal kunne vere trygge og kjenne seg som ein del av skulefellesskapet. Vi har alle ansvar for kvarandre.

Reglar for elevane:

- Eg skal vise respekt, snakke høfleg til alle og lyde dei vaksne.
- Eg skal følgje klassa sine reglar.
- Eg skal opphalde meg på området til skulen i skuletida. (Sjå kart på side 11)
- Eg skal la andre sine eigedelar få vere i fred.
- Mobiltelefonen min skal vere avslått og ligge i ranselen gjennom heile skuledagen.
- Eg tek ikkje med elektroniske produkt til skulen.

Snop tek elevane berre med etter spesiell avtale.

Skulen oppmodar sterkt om at leiker, spel, kort og andre personlege eigedelar ikkje vert tekne med til skulen utan særskild avtale.

Konsekvensar ved brot på reglane:

1. Åtvaring og tilsnakk.
2. Samtale med kontaktlærer.
3. Melding heim etter avtale med rektor.
4. Innkalling til samtale med elev og heim.
5. Bortvisning
 - For enkelttimar
 - For resten av dagen

Før ein elev vert vist bort frå skulen skal eleven ha hatt høve til å forklare seg munnleg for rektor. Rektor tek avgjersle om bortvisning etter å ha rådført seg med eleven sin kontaktlærer. Ein må vurdere å bruke andre tiltak før bortvisning. Heimen skal varslast før bortvisning.



REGLAR FOR BRUK AV MOBILTELEFON OG SMARTKLOKKE FOR ELEVAR PÅ HASUND SKULE OG SFO




- Om eleven har med mobiltelefon/smartklokke på skuleområdet, skal den vere slått av mellom 08.15-14.40 og den tida eleven er på SFO.
 - Forbodet gjeld også for andre opplegg i skulen sin regi
 - Mobiltelefonen skal leverast til lærar ved oppstart av 1. time. Mobiltelefonen vert levert tilbake ved skuleslutt.
 - Smartklokke skal ligge avslått eller i skolemodus i sekken.
 - Spesielt løyve til å bruke mobiltelefonen/smartklokka kan bli gitt av lærar
 - Mobiltelefon/smartklokke vert teken med på eige ansvar, og vert ikkje erstatta av skulen om den vert borte
-
- Dersom reglane ikkje blir fylgde, vert mobiltelefonen/smartklokka inndregen for resten av skuledagen av kontaktlærar/vakt
 - Ved mindre alvorlige hendingar som til dømes at mobiltelefonen/smartklokka ikkje er slått av, får eleven ei åtvaring om inndraging
 - Ved meir alvorlege hendingar eller ved gjentekne brot på reglane som til dømes ved aktiv bruk av mobiltelefonen/smartklokka, blir mobiltelefonen/smartklokka levert på kontoret og må hentast av føresette





SKULEN SITT OMRÅDE

Skulen sitt område er merka med blå strek. Elevar som går utanfor streken er utanfor skulen sitt skuleområde og såleis ikkje dekt av forsikringa skulen har, dersom noko skulle inntreffe. Unntak er dersom ein er på tur i skulen sitt regi.





SKULEN SINE OPNINGSTIDER

Skuledagen startar **kl. 08.40** for alle elevar ved skulen. Dørene inn til skulen vert låste opp av personalet **kl. 08.25**. Det er då også tilsyn med elevane inne på skulebygget og ute på skuleområdet.

Skulefritidsordninga opnar **kl. 07.15** og varer fram til **08.20 morgon**, og stenger **16.15 etter skuletid**.

ELEVEN SIN RETT TIL EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

Hasund skule skal vere ein god stad å vere og ein god stad å lære! Alle elevar har rett på eit godt skulemiljø. Dei tilsette ved skulen har plikt til å følgje med og gripe inn dersom ein ser, eller har mistanke, om at ein elev som vert mobba eller krenka. Skulen skal då setje inn tiltak som stoppar mobbinga eller krenkinga av eleven.

Nulltoleranse mot mobbing

Frå 1. august 2017 er det vedteke eit nytt regelverk om skulemiljø. Alle elevar har rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring. Det er elevane si eiga oppleving av korleis dei har det på skulen, som er avgjerande.

Skulen skal sørge for at elevane har det trygt og godt på skulen

Alle som jobbar på skulen, skal følgje med på at elevane har det bra. Dersom ein vaksen veit om – eller trur – at ein elev blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ho eller han alltid

- gripe inn og stoppe krenkinga med ein gong, dersom det er mogleg
- seie frå til rektor
- undersøkje det som har skjedd

Rektor har ansvar for å lage ein plan og setje inn tiltak for at eleven igjen får det trygt og godt på skulen. Dette blir kalla for skulens aktivitetsplikt.

Kva dersom ein elev blir mobba av ein tilsett på skulen?

Dersom ein elev opplever å bli mobba eller krenkt av ein lærar eller andre som jobbar på skulen, har skulen eit ekstra ansvar for å følgje opp saka. Rektor skal da varsle skuleeigaren, som vil følgje opp saka vidare.



Melde saka til Fylkesmannen

Dersom du eller barnet ditt meiner at skulen ikkje har gjort nok for å stoppe krenkingar, kan du melde saka til Fylkesmannen.

- Først må du ha teke opp saka med rektor på skulen
- Det må ha gått minst ei veke frå du tok opp saka med rektor
- Saka må gjelde skulemiljøet på den skulen eleven går på no

Er det helt spesielle tilfelle, kan du uansett ta kontakt med Fylkesmannen. Du må ta kontakt med Fylkesmannen i det fylket du bur.

Kva kan Fylkesmannen gjere?

Dersom Fylkesmannen meiner at skulen ikkje har gjort det dei skal, kan dei bestemme kva skulen skal gjere for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Fylkesmannen skal setje ein frist for når tiltaka skal gjennomførast og følgje opp saka. Dei kan òg gi bøter dersom skulane ikkje følgjer opp.

Informasjon til barn, unge og foreldre om mobbing og rettar

På www.nullmobbing.no finn du informasjon om kva rettar elevar og foreldre har, og kva ein kan gjere dersom ein elev opplever mobbing.

§9-a i Opplæringslova

Skulen har:

- Plikt til å følgje med
- Plikt til å gripe inn
- Plikt til å varsle alle mistanke og kjennskap
- Plikt til å undersøke all mistanke og kjennskap
- Plikt til å setje inn tiltak når eleven heilt til eleven har det trygt og godt
- Plikt til å dokumentere
- Plikt til å informere elevar og føresette om deira rettar.

§9 A-2

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§9 A-3

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremja helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava vert oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette vert gjort.



Dei vaksne som arbeider ved Hasund skule har eit særskilt ansvar for å sørge for at alle elevar har eit trygt skulemiljø. Det skal vere nulltoleranse mot mobbing og skulen skal arbeide systematisk mot mobbing og krenkande åtferd. Retten til eit trygt og godt læringsmiljø gjeld i skule, SFO og på leksehjelp.

Vi håper at alle føresette er med oss i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø utan mobbing, vald, diskriminering og trakassering av noko slag! Snakk positivt om skulen sitt arbeid, om andre elevar og om andre heimar. Det påverkar eleven sitt syn positivt!

FRÅVÆR OG FRITAK FRÅ UNDERVISNING

Det er føresette sitt ansvar at borna møter presis på skulen kvar dag. Likevel kan det skje at ein elev vert sjuk eller at det er behov for å søkje om permisjon.

Ved sjukdom og fritak skal føresette melde frå slik:

Ved sjukdom:

- Ved sjukdom skal føresette melde dette i appen Edlevo. Dersom skulen ikkje høyrer noko i løpet av tre skuledagar vil kontaktlærer for eleven ta kontakt med føresette.

Ved søknad om fritak

- Fritak frå undervisning kan berre skje etter søknad frå føresette.
- Søknad må sendast skulen i god tid før planlagt fråvær, og seinast 1 veke før.
- Fritak inntil 1 dag kan verte gitt av **kontaktlærer** i appen Edlevo(sjå meir i info under)
- Fritak 2-10 skuledagar kan verte gitt av **rektor**. Søknad med grunngjeving skal skje skriftleg på eige digital skjema
https://skjema.ulstein.kommune.no/skjema/ULS054/Permisjon_fr_undervisning
- Rektor vurderer saka og sender skriftleg svar.

Generelle vilkår

- Skulen oppmodar om legge ferie - og fritidsreiser til skulen sine feriar.
- Kommunen har etter opplæringslova ikkje høve til å gje permisjon frå den pliktige undervisninga i meir enn 2 veker.
- Når føresette søkjer om fritak frå undervisning får føresette i denne perioden fullt ansvar for opplæringa. Ved å kontakte kontaktlærer kan ein få oversikt over kva emne klassa arbeider med i fritaksperioden. Dersom vekeplan er klar før eleven reiser kan ein få med seg denne som hjelp.



EDLEVO

Skulen nyttar Edlevo som administrasjonsprogram -

Kva betyr dette for deg som føresett?



Skulane i Ulstein kommune har teke i bruk eit administrativt program for skule - Edlevo.

Edlevo inneheld oversikt over basisinformasjon om alle elevane på skulen, og kontaktinformasjon til føresette. Programmet skal i nyttast av administrasjonen på skulen.

Administrasjonssystemet dekkjer også timeplanlegging, vikaradministrasjon, oppmelding av elevar til nasjonale prøver og eksamen og rapportering til sentrale myndigheter. Føresette kan også endre kontaktopplysningar i appen. Skulen vil då til ei kvar tid ha oppdaterte telefonnummer og e-postadresser til alle føresette. Appen lastar ein ned der ein vanlegvis hentar appar til din smarttelefon.

Fråvere

Du skal melde fråvær på barnet ditt i Edlevo App. Appen nyttar du for å melde til skulen at bornet ditt er sjukt eller kort fråvere slik som lege-/tannlegetime.

Ved anna type fråvere slik som elevpermisjon, nyttast skjema som du finn på ulstein.kommune.no



GODT HEIM-SKULE SAMARBEID

Godt samarbeid mellom skule og heim er avgjerande for å skape gode læringsmiljø. Alle tilsette ved skulen skal ha fokus på å skape gode relasjonar til både elevar og føresette. Det er valt klassekontaktar for alle klasser og kontaktlærer skal samarbeide med desse gjennom skuleåret.

Skulen sine rådsorgan

FAU: Foreldrerådet sitt arbeidsutval. Styrt av foreldra og møtefrekvens etter behov.

SU: Samarbeidsutvalet. 4 årlege møter. Dette er skulen sitt øvste organ.

SMU: Skulemiljøutvalet. Minst 2 årlege møter. Utvalet handsamar saker i høve skule – og læringsmiljøet.

Arbeidet i rådsorgana vert regulert av årshjulet for skule-heim samarbeidet heimla i kvalitetsplanen til Ulstein kommune.

Samarbeid klassenivå

Kontaktlærer og klassekontaktar samarbeider om eit felles klasseforeldremøte i løpet av september.

Klassekontaktane tek i tillegg initiativ til 2 sosiale arrangement i løpet av skuleåret.

Samarbeid elevnivå

Eleven har rett på ein halvårleg samtale om eleven si faglege og sosiale utvikling. Samtalen skal ha ei ramme på inntil 30 minutt og skal gjennomførast i **oktober/november** og i **mars/april**.

Skulen er til for å gje barnet ditt god opplæring. Vi oppmodar deg som føresett til å ta kontakt med skulen dersom du har spørsmål, innspel eller behov for ein samtale om ditt barn sin skulesituasjon.



TRYGG SKULEVEG

Hasund skule oppmodar dei elevane som kan til å gå til og frå skulen. Dette gir fin mosjon og frisk luft før og etter skuledagen. Vi oppmodar føresette til å lære borna sine å gå skulevegen på tryggast mogleg måte. Lag gjerne gå-avtalar med andre born i nabolaget.

Køyring til skulen

Det er svært mange bilar rundt skuleområdet, særleg om morgonen og rundt skuleslutt. Vi oppmodar alle om å respektere skiltinga rundt skulane og om å køyre svært varsamt.

- **Køyring på skuleområdet i skuletida mellom kl. 07.00 og 16.15 er ikkje tillate.**
- Parkering for tilsette er parkeringsplassen ved Straumane mot sjøen.
- Foreldre som køyrer born til skulen eller hentar på ettermiddagen bør bruke parkeringsplassen ved Straumane mot sjøen. Ver obs på køyremønster der. **Busslomma ved vegen må ikkje brukast, då dette har skapt uheldige og farlege situasjonar.**
- Ved arrangement i skulen sin regi kan skuleplassen, parkeringsplassen ved bedehuset og plassen ved Straumane mot sjøen brukast. Ein ber om at parkeringa framfor Straumane-butikken ikkje blir nytta.

Skulen rår til at elevane kan sykle til og frå skulen frå 10-års alderen. Dette er i tråd med råd frå Trygg Trafikk. Det er de som føresette som må vurdere når dykkar barn er modne til å kunne handtere sykkel og trafikk på ein trygg måte.

Kva treng ein av utstyr på skulen?

Behovet for utstyr og kle i løpet av skuledagen varierar frå årssteg til årssteg. Dei yngste elevane har større behov for skiftekle enn dei eldre elevane.

Elevane treng:

- Skulesekk
- Matpakke med sunn mat
- Skiftekle til å ha på skulen (fullt sett)
- Innesko
- Gymkle og symjkle dei dagane dei skal ha dette
- Ytterklede og sko etter ver og årstid.

Sjekk plassen til dykkar born når de leverar eller hentar. Sjå etter at der er orden og ta med våte og skitne kle heim og fyll på ved behov.

Hugs å merke alt av kle og utstyr!



SKULEMJØLK

Det er etablert abonnementsordning for skulemjølk og andre produkt levert frå Tine. De bestiller dette via nettstaden under og betaler direkte i nettløysinga. Ordninga er frivillig. Elevane får produkta levert til klasseroma.

Bestill via denne nettstaden:

MJØLK: www.skolelyst.no

SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO)

Hasund skule har om lag 40 påmelde elevar til SFO dette skuleåret. Elevane vert fordelte på 2 SFO-grupper. Tilbodet er for elevar på 1.-4. trinn og for elevar med særskilte behov.

OPNINGSTIDER

Morgontilbod frå 07.15-08.20. Morgontilbodet er ope for påmelde born. Kl. 08.20 går borna til sine klasserom, eller er ute til skuledagen startar kl. 08.40.

Ettermiddagstilbod frå kl. 11.20, 12.20, 13.20 eller 14.15, avhengig av kva tid skulen sluttar på dei ulike årsstega. **SFO har ope til kl. 16.15.** Henting etter dette vert bøtelagt med gebyr.

SFO har ope i haustferien, vinterferien og i delar av sommarferien. SFO har stengt i 4 veker sommaren. Ferietilbodet er ein del av det ordinære tilbodet, men ein gjennomfører kartlegging av kva born som kjem til å nytte tilbodet før kvar ferie.

Oppseiingsfrist for vårhalvåret er 01.11.

SKULEFOTOGRAFERING

Hasund skule har avtale med om skulefotografering. Fotograferinga vert gjennomført om hausten. I samarbeid med FAU har skulen utarbeidd desse retningslinene for skulefotografering:

- Alt kjøp skal vere frivillig
- Elevar på 1. og 7.trinn skal portrettfotograferast
- Det vert teke klassebilete av alle klasser på skulen
- Alle heimar får ein gratis katalog med klassebilete og relevant informasjon om skulen
- Føresette skal ha moglegheit til å sjå bileta før ein bestemmer seg for om ein vil kjøpe dei.



DIGITALE VERKTØY

BRUK AV IPAD OG CHROMEBOOKS

Elevane i 1.-4.klasse har til lån ein iPad frå skulen kvar, medan elevane i 5.-7.klasse har til lån ei Chromebook frå skulen kvar. Før desse vert utdelt, så skal elev og heim skrive under på eigne låneavtalar for desse. Desse avtalane skal returnerast til skulen og oppbevarast der. Kvar elev får også til lån eit headset som dei skal nytte på skulen. Dette skal ikkje med heim. Det er ikkje lov å nytte eigne headset på skulen. Headset til 1.-4.klassingane har volumbegrensing, slik dei er beskytta mot høge lydar.

Viktige punkt for opplæringa

- Elevane skal kjenne til prinsippa for godt nettvett.
- Elevane skal kun bruke nettstadar godkjende av lærar.
- Bruk av facebook, eller andre sosiale nettstadar er ikkje tillate på skulen sine iPad og Chromebooks.
- Skulen hentar inn løyve til å publisere bilete og elevprodukt ved skulestart i 1.klasse eller når ny elev startar ved skulen.

FEIDE

Alle elevane har pålogging med FEIDE. Brukarnamn og passord får dei med kontaktlærar. Dersom dei gløymer dette, ta kontakt med kontaktlærar, så får de det på nytt.



Dette kan du gjere for å hjelpe ditt barn til best mogleg læringsutbytte.

- Vis barnet ditt at du har tru på han eller henne. Motiver og støtt i læringsarbeidet.
- Snakk positivt om skulen og dei andre elevane på skulen. Eit godt læringsmiljø fremjar læring!
- Følg med på informasjonen som vert sendt ut frå skulen på vekeplanar og informasjonsskriv.
- Møt opp på foreldremøter og dei arrangementa som skulen skipar til.
- Les tilbakemeldingane som barnet ditt får frå skulen. Bruk dei til å støtte barnet ditt i vidare arbeid.
- Hjelp barnet ditt til å ha gode rutinar med leksene. Vis interesse for skularbeidet!
- Ta kontakt med skulen dersom du lurar på noko eller har tilbakemeldingar. Skulen er der for at barnet ditt skal lære mest mogleg, fagleg og sosialt!



Helsesjukepleiar

Helseopplysning/faste oppgåver:

Helsesjukepleiar ved barneskulane i Ulstein kommune jobbar etter eit årshjul. Årshjulet er utforma etter retningslinjer frå Helsedirektoratet og etter egne faglige vurderingar på kva som er tidsaktuelt og fagleg ønska. Årshjulet er eit tilbod frå Helsesjukepleiar.

Trefftid:

Helsesjukepleiar har trefftid på Hasund skule måndagar og tysdagar.

Helsesjukepleiar er tilgjengeleg for samtale som enten elev, lærar eller føresette ønskjer. Ønske kan enten kome direkte til gjeldande helsesjukepleiar, eller via føresette/lærar. Føresette og lærar kan og ta kontakt med helsesjukepleiar vedrørande samarbeid om enkelte elevar, eller for å drøfte ulike saker knytt opp mot enkelte elevar/miljø i klassa, eller andre utfordringar.

I dei tilfella der lærar ønskjer at helsesjukepleiar snakkar med bestemte elevar, må lærar ha løyve frå foreldre/føresette til samtale med helsesjukepleiar i forkant av samtale. I dei tilfella der elev tek kontakt med lærar og ønskjer samtale med helsesjukepleiar, er det ikkje nødvendig med innhenting av løyve i forkant, ettersom ønsket kjem frå eleven sjølv. Helsesjukepleiar tak kontakt med føresette i etterkant.

Helsesjukepleiar er fast deltakar i ansvarsgrupper.

Helsesjukepleiar er i tillegg tilgjengelige for undervisning i de ulike klassene etter ønske frå lærar/føresette, f.eks:

- Mobbeproblematikk
- Vennskap
- Sosiale medier
- Ernæring/matpakke
- Aktivitet
- Skulevegring
- Separerte foreldre – ulike heimar

Berre å ta kontakt – Det vert sett pris på 😊

Birgitte Blomstervik – Helsesjukepleiar 70 01 78 80

birgitte.blomstervik@ulstein.kommune.no



LEKSEHJELP

Hasund skule tilbyr leksehjelp til elevane på 5. trinn. Dette for å lette overgangen frå småsteget til mellomtrinnet. Det vert gitt tilbod om to leksehjelpsøtker i veka. Leksehjelp er ikkje ein del av opplæringa og dei elevane som deltek i tilbodet må vere motiverte og arbeidssame under tilbodet.

Påmelding skjer ved skulestart.

FORSIKRING AV ELEVANE

Elevane er forsikra gjennom ei kollektiv barneforsikring i KLP Skadeforsikring. Forsikringa gjeld innanfor området til skulen og SFO, samt i det naturlege nærområdet i den tida eleven er på skule eller SFO.

Forsikringa gjeld under deltaking i undervisning, leik, idrettsutøving, ekskursjonar, reiser og liknande som skjer i regi av skulen eller SFO. Forsikringa gjeld også under reiser og arrangement som har karakter av klasseturar der skulen sine tilsette deltek. Elevane er også forsikra på direkte veg til og frå skulen og heimen.

Forsikringa dekker ikkje briller, ting elevane vel å ta med på skulen sjølve m.m.

For meir informasjon om forsikringa: <https://www.klp.no/bedrift/forsikring/kommunal-sektor/elevforsikring-for-kommuner-og-fylkeskommuner-1.25689>

LEIRSKULEOPPHALD DOMBÅS FJELLSKOLE

7.trinn skal ha leirskuleopphald på Dombås Fjellskole i februar/mars. Opphaldet varer måndag-fredag og er ein del av den obligatoriske opplæringa til elevane. Under opphaldet bur elevane på Trolltun Gjestegård på Dombås. Elevane får i leirskuleveka oppleve vinterfriluftsliv i høgjellet på Dovre. Mellom anna får elevane opplæring i ulike skidisiplinar, dei lærer om natur og dyrelivet på Dovrefjell, vinterfriluftsliv og mykje meir. Sosial læring og meistring står også i sentrum under eit slikt opphald og mange elevar opplever at leirskuleveka er eit av høgdepunkta i barneskuletida.

Skulen kallar inn til eige informasjonsmøte om leirskuleopphaldet.

Meir informasjon om leirskulen finn du her: <https://www.trolltun.no/fjellskole>



MEDISINERING AV ELEVAR

- Medisinering av elevar skal kun skje etter avtale med heim, dette gjeld også lettare smertestillande som paracet, ibux og liknande.
- Dei tilsette skal ha opplæring i korleis medisinerings skal skje.
- Heimen skal fylle ut "samtykkeerklæring om medisinering" før medisinerings kan ta til.

Samtykkeerklæring om medisinering

Elev:

Føresette:

Kontaktlærer :

Assistent:

Type medisin og dosering:

Utleveres av:

Utleveres når:

Fastlege:

Oppsummering/klargjering:

Stad:

Dato:

Marianne Ulstein Johnston, rektor

føresett



ULSTEIN KOMMUNE



ULSTEIN - *der baug bryt bære*

